

[Namn]
[Adresse]
[Postnummer og stad]

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Separering av avløpsleidning [gnr], [bnr]

Varsel om at kommunen vurderer å vedta pålegg og gje tvangsmulkt

Du har ikkje følgt pålegget av [xx.xx.xxxx] frå forureiningsstyresmakta (kommunen) om å separere avløpsleidningen din [og/eller den private felleisleidningen som eigedommen din er knytt til] innan [xx.xx.xxxx].

Vi varslar hermed om at kommunen som forureiningsstyresmakt vil vurdere å fastsetje tvangsmulkt dersom avløpsleidningen ikkje er separert innan [xx.xx.xxxx – Klifs rettleiing seier 1-2 veker fram i tid. Når det hastar, kan ein sjå bort frå førehandsvarsel (fvl § 16). Parten må då i staden få høve til å uttale seg etter at pålegget er gjeve, og kommunen kan vurdere saka på nytt etter at parten har uttala seg]. [Sjå Klifs rettleiing TA-2758/2011 http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner/2011/Februar/Bruk_av_tvangsmulkt/]

X kommune har tidlegare sendt deg vedtak av [xx.xx.xxxx] med følgjande innhald:

[X] kommune pålegg eigaren av gnr. [x], bnr. [x] å separere stikkleidningen på eigedommen for avløp, jf. forureiningslova § 22 andre leddet.

Fristen for å følgje pålegget er sett til [xx.xx.xxxx].

Vi kan ikkje sjå å ha teke mot tilbakemeldingsskjema som viser at avløpsleidningen er separert.

Du blir hermed varsla om at kommunen vurderer å påleggje deg tvangsmulkt dersom du ikkje følgjer pålegget innan [xx.xx.xxxx], jf. forureiningslova § 73.

Tvangsmulkta blir fastsett som eit eingongsbeløp, ei dagmulkt eller ein kombinasjon av dei. Eingongsbeløpet vil normalt ligge på om lag kr. [xx xxx,- t.d. 1/3 av kostnadene for å separering], medan dagmulkta normalt vil vere på kr. [xxx,-].

Dersom du har opplysningar som er viktige for saksgangen vidare, ber vi om at du kontaktar oss så raskt som mogleg, og seinast innan [xx.xx.xxxx].

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon [sentralbord] eller du kan sende e-post til [postmottak@\[x\].kommune.no](mailto:postmottak@[x].kommune.no).

Med helsing

.....
(Namn)
Leiar

.....
(Namn)
Saksbehandlar

Vedlegg:

- Tilbakemeldingsskjema
- Forurensningsloven §§ 22 andre leddet og 73
- Forvaltningsloven § 16

TILBAKEMELDING OM UTFØRT ARBEID

Skjemaet skal sendast straks etter at avløpsleidningen er separert til
[adresse]

ArkivsakID: [x]
Adresse – Tiltak: [adresse] – [separering av avløpsleidning]
Gnr/bnr: [x/x]
Eigar/styrar/festar: [Namn]
Varsel gjeve: [xx.xx.xxxx]
Pålegg gjeve: [xx.xx.xxxx]

Eigaren av den private stikkleidningen fyller ut:

Kort utgreiing om arbeidet:	
Arbeidet er utført av:	
Stad og dato:	Underskrift: